SUNNFJORD HOTELL AS

Sunnfjord Hotell AS

Årsmelding 2006

Og

Årsrekneskap 2006

SUNNFJORD HOTELL AS
Langebruvegen 21
N-6800 FØRDE
NO 918 804 943 MVA

Postadresse
Postboks 158
N-6801 FØRDE

Telefon
57 82 70 90

Telefaks
57 82 60 55

E-postadresse
elvegar@online.no

Bankkonto
3700 05 10700

Innkalling til generalforsamling i

SUNNFJORD HOTELL AS

De vert med dette innkalla til ordinær generalforsamling i
SUNNFJORD HOTELL AS på Rica Sunnfjord Hotel
tirsdag 22. mai 2007 kl 19.00.

Sakliste:

1. Opning av generalforsamlinga ved styreformannen
2. Godkjenning av fullmakter
3. Val av møteleiar
4. Val av to til å skrive under protokollen saman med møteleiar
5. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding frå styret, herunder utdeling av utbyte
6. Fastsetjing av styregodtgjersle
7. Godkjenning av godtgjersle til revisor
8. Val
   - 8.1. Val av eit styremedlem for to år
   - 8.2. Val av styreleiar for eit år
   - 8.3. Val av nestleiar i styret for eit år
   - 8.4. Val av fyrste og andre varamedlem til styret for eit år
   - 8.5. Val av valnemnd

Førde, 27. mars 2007
For styret i Sunnfjord Hotell AS

Per Storegjerde
- styreleiar -

Fullmakt

Sunnfjord Hotell AS, Postboks 158, 6801 Førde, fax 57 82 60 55

Underteikna
som er eigar av _____antal aksjer i Sunnfjord Hotell AS, gir med dette

Namn _____
fullmakt til å møte og avgi stemme for meg/oss på selskapet si general-forsamling tirsdag den 22. mai 2007.

Førde, den _____ 2007 Underskrift: _____

ÅRSMELDING 2006

Innleiing

Sunnfjord Hotell AS har hatt eit godt driftsår i 2006. Husleigeinntektene har auka med 5,5 %. Overskot før skatt er på kr. 5.306.103,-, og etter skatt kr. 3.918 925,-. Tilsvarande tal for fjoråret var kr. 4.803.637,- og kr. 3.540.670,-.

Vedlikehald

Selskapet har utført vedlikehald med kr. 1.639.802,-. Dei største postane er:

- Nytt ventilasjonsanlegg symjehall
- Renovering symjehall, flislegging, maling m.m.
- Utskifting automatikk ventilasjon
- Maling, vasking utvendig

Planlagt investering/ vedlikehald 2007

Parkeringsgarasje med plass til 90 bilar er under arbeid. Garasja skal stå ferdig i løpet av mai 2007.

Av større vedlikehaldsoppgåver står oppgradering av ventilasjon på «Træskjeverket» og kontorfløy. Vidare skal siste del av utskifting av lysrøyrarmatur pga. PCB gjennomførast. Vi vil byggje om 4 rom i 1980-fløyen med handicapbad. «Bartine» er planlagt ombygd ved resepsjon og med eigen inngang.

Rica Sunnfjord Hotel AS har vedlikehalds- og investeringsplanar for 2007 på kr. 828.000,-

Ytre miljø

Selskapet ureinar ikkje det ytre miljø.

Aksjane i Sunnfjord Hotell AS

Selskapet har 18.528 aksjar pålydande kr 500,-. Likningsverdien til bruk ved formueslikninga pr. 31.12.2006 er kr. 2.160,42. Utbytte pr. aksje - utbetalt i 2006 var kr. 75,- pr. aksje. (15%).

Aksjeeigarpolitikken til Sunnfjord Hotell AS

Selskapet legg vekt på å få aksjeeigarar med interesse for hotellet si utvikling. Selskapet vil gi eit moderat utbytte til aksjeeigarane og reinvestere deler av overskotet i verksemda.

Ymse

Planar om bygging av Spa-anlegg på hotellet har i år 2006 vore tema i fleire møte i styret. Arkitektkontoret Yran & Storbraaten har laga eit skisseutkast til korleis eit Spa-anlegg kan utformast. Styret vil i løpet av år 2007 få utarbeidd eit beslutningsgrunnlag for bygging av Spa-anlegg .

Ymse forst.

Sunnfjord Hotell AS har i år 2006 engasjert seg i Jølster Skisenter AS med eit aksjekjøp stort kr. 80.000,-. Samla engasjement er no kr. 200.000,-.

Godtgjersle til styret

Styret har halde 7 styremøte og handsama 45 saker i 2006. Styret gjer forslag overfor generalforsamlinga om eit styrehonorar for år 2006 på kr. 50.000,- til formannen og kr. 25.000,- til øvrige styremedlemmar.

Personale

Selskapet har pr. 31.12.2006 ingen tilsette. Dagleg leiar funksjonen vert dekka gjennom leige av Peter Midthun.
Selskapet har ein målsetning om at det ikkje skal vere forskjellsbehandling grunna kjønn. Det var ingen kvinner tilsett eller representert i styret i år 2006.

Framlegg til disponering av årsoverskotet

Årsoverskot etter skatt	kr.	3.918.925
Som vert tilrådd brukt slik:		
Utbytte 15%	kr.	1.389.600
Til annan eigenkapital	kr.	2.529.325
Sum overføringar	kr.	3.918.925

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Sunnfjord Hotell AS si husleigeinntekt er basert på prosentar av Rica Sunnfjord Hotell AS sin omsetning.

Rica Sunnfjord Hotell AS har budsjettert med ein auke i husleigeinntekta vår i år 2007 på 6,2% i høve til budsjett for år 2006. Budsjettert husleige for år 2007 er kr. 12.147.250,-.

Selskapet sin totalkapital ved utgangen av året var kr 65.799.217,- samanlikna med kr. 64.680.167,- året før. Eigenkapitalandelen pr. 31.12.06 var på 37,2% samanlikna med 34,1% pr. 31.12.05.

Det har ikkje oppstått hendingar som vil få vesentleg fylgje for selskapet etter utgangen av rekneskapsåret.

Det er såleis grunnlag for vidare drift.

Førde, 31. desember 2006
27. mars 2007

Per Storegjerde
(styreleiar)

Fritz Hjelmeland
(styremedlem)

Bjørn Nordberg
(styremedlem)

Peter Midthun
(dagleg leiar)

RESULTATREKNESKAP 2006

DRIFTSINNTEKTER	Notar	2006	2005
Leigeinntekter		12.027.863	11.195.260
Andre driftsinntekter		10.000	216.643
Sum driftsinntekter		12.037.863	11.411.903
DRIFTSKOSTNADER			
Lønnskostnad	2	115.785	404.689
Avskrivingar	3	2.907.243	2.896.902
Andre driftskostnader	1 - 4	3.206.265	2.327.901
Sum driftskostnader		6.229.293	5.629.492
Driftsresultat		5.808.570	5.782.412
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter		÷ 372.905.	÷ 117.659
Andre finansinntekter	5	÷ 397.472.	÷ 178.195
Finanskostnader		1.272.844	1.274.630
Netto finanskostnader		502.467	978.776
Ordinært resultat før skattekostnader		5.306.103	4.803.637
Skattekostnad på ordinært resultat	9	1.387.178	1.262.967
Årsresultat		3.918.925	3.540.670
OVERFØRINGAR			
Aksjeutbytte		1.389.600	1.389.600
Til annan eigenkapital		2.529.325	2.151.070
Netto eigenkapitaloverføringar		3.918.925	3.540.670

BALANSE PER 31. DESEMBER

EIGEDELAR	Notar	2006	2005
IMMATERIELLE EIGENDELER			
Utsatt skattefordel	9	450.930	299.241
VARIGE DRIFTSMIDLAR			
Bustadeigedommar	3	2.680.303	2.680.303
Tomtar	3	1.199.390	1.199.390
Hotelleigedommen	3	43.542.600	44.017.900
Inventar og utstyr	3	1.166.047	1.823.948
Sum varige driftsmidlar		48.588.340	49.721.541
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR			
Lån Rica Sunnfjord Hotell AS	6	2.000.000	2.947.449
Aksjar og andelar	5	1.620.600	2.229.156
Sum finansielle anleggsmidlar		**3.620.600**	**5.176.605**
SUM ANLEGGSMIDLAR		52.659.870	55.197.387
OMLAUPSMIDLAR:			
Kundefordringar	1	1.494.985	1.330.965
Andre fordringar	1	394.017	537.124
SUM FORDRINGAR		**1.889.002**	**1.868.089**
Bankinnskot, herav bundne kr. 0,-		**11.250.345**	**7.614.691**
SUM OMLAUPSMIDLAR		**13.139.347**	**9.482.780**
SUM EIGEDELAR		**65.799.217**	**64.680.167**

BALANSE PER 31. DESEMBER

EIGENKAPITAL	Notar	2006	2005
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (18.528 aksjar à 500,-)	10	9.264.000.	9.264.000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		15.307.885	12.778.561
SUM EIGENKAPITAL		**24.571.885**	**22.042.561**
GJELD			
Avsetjing for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	11	0	60.000
Anna langsiktig gjeld			
Pantegjeld	7-8	36.487.163	39.189.919
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		971.359	37.724
Betalbar skatt	9	1.524.167	1.288.155
Skuldig offentlege avgifter		476.908	254.300
Utbytte		1.389.600	1.389.600
Anna kortsiktig gjeld		378.135	417.909
Sum kortsiktig gjeld		4.740.169	3.387.688.
SUM GJELD		**41.227.332..**	**42.637.607**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**65.799.217**	**64.680.167**
Pantstillingar	7-8	36.487.163	39.189.919

Per Storegjerde
(styreleiar)

Fritz Hjelmeland
(styremedlem)

Bjørn Nordberg
(styremedlem)

Peter Midthun
(dagleg leiar)

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er oppsett i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGEDELAR OG GJELD

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er uansett klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av gjeld er analoge kriterium lagde til grunn.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vere forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omlaupsmidlar er vurderte til lågast av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Nokre postar er i samsvar med rekneskapslova vurderte etter særlege vurderingsreglar. Det vert gjort nærare greie for desse nedanfor.

VARIGE DRIFTSMIDLAR

Varige driftsmidlar vert avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivingane er fordelte lineært over antatt økonomisk levetid.

ANDRE ANLEGGSAKSJAR OG ANDELAR

Anleggsaksjar og andelar der Sunnfjord Hotell AS ikkje har monaleg påverknad vert førte i balansen til anskaffingskost. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsførte som andre finansinntekter.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap er føreteke på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring. Det er ikkje føreteke uspesifisert avsetjing då det ikkje er forventa tap på øvrige kundefordringar.

SKATTAR

Skattar vert kostnadsførte når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på den skattepliktige inntekta i året) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget.

NOTE 2 LØNNSKOSTNADER, TAL TILSETTE, GODTGJERSLER, LÅN TIL TILSETTE M.M.

Lønnskostnader	2006	2005
Lønningar	126.733	798.565
Ref.lønn	÷ 68.731	÷ 504.804
Arbeidsgjevaravgift og andre sos. kostnader	17.783	70.927
Pensjonskostnader, reduksjon avsett pensjonsforplikting	÷ 60.000	÷ 60.000
Andre ytingar	100.000	100.000
Sum	115.785	404.688
Gjennomsnittleg tilsett i år	0	0

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styre
Lønn	75.603	0
Refusjon lønn fra Vital Link	-68.731	
Anna godtgjersle	48.175	0
Anna administrasjonsgodtgjersle	211.213	
Styrehonorar (driftsåret 2006)	0	100.000
Revisor	**I år**	**I fjor**
Revisjon	25.225	26.733
Andre tenester	42.200	
Sum honorar til revisor	67.425	26.733

NOTE 3 VARIGE DRIFTSMIDLAR	Bustader og tomtar	Hotell-eigedom	Inventar og utstyr	Totalt
Anskaffingskost 01.01	3.879.693	85.143.947	32.810.008	121.833.648
Avgang i år, bokf. verdi			÷ 253.700	÷ 253.700
Tilkomme i år		2.027.742	0	2.027.742
Anskaffingskost 31.12	3.879.693	87.171.689	32.556.308	123.607.690
Avskrivingar, nedskrivingar og reverserte nedskrivingar 01.01	0	41.126.047	30.986.061	72.112.108
Oppskrivne før 01.01				0
Akk. avskrivingar 31.12	0	43.629.089	31.390.261	75.019.350
Reverserte nedskrivingar 31.12				0
Balanseført verdi per 31.12	3.879.693	43.542.600	1.166.047	48.588.340
Avskrivingar i året	0	2.503.042	404.200	2.907.242
Nedskrivingar i året	0	0	0	0
Økonomisk levetid		20-50 år	3-10 år	
Avskrivingsplan		Lineær	Lineær	

NOTE 4 FESTEKONTRAKTAR

Det totale tomteareal som Sunnfjord Hotell disponerer er på 24.646 kvm. Halvparten av dette (12.358 kvm) er festa grunn. Alle festekontraktar er inngådde for 99 år og utgår i perioden 2066-2079. Kostnadsført festeavgift for 2006 utgjer kr. 211.548,-

NOTE 5 AKSJAR I ANDRE SELSKAP

Selskap	Selskapets totale	Tal	Pålydande	Bokf.verdi
Futurum AS	11.610.000	1290	1.000	1.300.000
Førde Gjestehus og Camping AS	1.350.000	50	1.000	50.000
Fjord Norge	3.865.000	3	5.000	15.000
Reisemål Sunnfj As	500.000	5	10.000	50.000
Jølster Skisenter AS	2.425.600	1.000	200	200.000
Andre andelar			5.600	5.600
				1.620.600

Vinst ved sal av andelar i DNB Nor Global II og DNB Nor Multi Global er kr. 392.472 i 2006.

NOTE 6 FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR

Lån til Rica Sunnfjord Hotell AS. Forskotsbt.vedlikehald	2.000.000
Tilbakebetaling over 2 år	

NOTE 7 LANGSIKTIG GJELD

Gjeld som forfell seinare enn fem år etter rekneskapsårets slutt

	2006	2005
Gjeld til kredittinstitusjonar	22.973.383	25.676.139

NOTE 8 PANTSTILLINGAR

Av selskapet si bokførte gjeld er sikra ved pant	36.487.163	39.189.919
Bokført verdi av eigedelar stilte som sikring for denne gjelda er:		
Tomtar	1.199.390	1.199.390
Bustadeigedommar	2.680.303	2.680.303
Hotelleigedommen	43.542.600	44.017.900
	47.422.293	47.897.593

NOTE 9 SKATT

SKATTEKOSTNADEN I ÅRET ER FORDELT PÅ:	2006	2005
Betalbar skatt dette år	1.524.167	1.288.155
For lite betalt skatt tidlegare år	14.700	1
Endring utsett skatt	÷ 151.689	÷ 25.189
Sum skattekostnad	1.387.178	1.262.967

BEREKNING AV ÅRETS SKATTEGRUNNLAG:		
Resultat før skatt	5.306.103.	4.803.637
Permanente forskjellar	÷ 344.399	÷ 233.046
Endring i midlertidige forskjellar	541.749	89.963
Endring rekneskaps m. avsetning pensjonsplikt	÷ 60.000	÷ 60.000
Grunnlag for betalbar skatt	5.443.453	4.600.554

OVERSIKT OVER MIDLERTIDIGE FORSKJELLAR:		
Anleggsmidlar	1.610.478	1.068.728
Grunnlag for utsett skatt/skattefordel	1.610.478	1.068.728
Utsett skattefordel 28%	450.933	299.244

BETALBAR SKATT I BALANSEN		
Betalbar skatt	1.524.167	1.288.155

NOTE 10 AKSJEKAPITAL OG AKSJEEIGARINFORMASJON

	Tal	Pålydande	Bokført
Aksjekapitalen består av ein aksjeklasse	18.528	500,-	9.264.000

Alle aksjane har lik stemme- og utbytterett.

OVERSIKT OVER DEI STØRSTE AKSJEEIGARANE PER 31.12.06

	Tal aksjar	Stemme-andel
FGH-Invest AS	6.588	35,56 %
Sparebanken Sogn og Fjordane	3.228	17,42 %
Firda Billag IKS	1.000	5,40 %
Berge Bygg Førde AS	819	4,42 %
Klakegg Eiendom AS	724	3,91 %
Ida og Guttorm Berqvam	692	3,73 %
Torbjørn Berqvam	450	2,43 %
Førde kommune	400	2,16 %
Sum	13.901	75,03 %
Øvrige	4.627	24,97 %
Totalt tal aksjar	18.528	100,00 %

Aksjar eigde av styremedlemmer og dagleg leiar:

Namn	Verv	Tal aksjar
Per A. Storegjerde	styreleiar	20
Fritz Hjelmeland v/ FGH Invest	nestleiar	6.588
Bjørn Nordberg	styremedlem	20
Peter Midthun	dagleg leiar	1

NOTE 11 PENSJONSANSVAR

Pensjonsavtale - administrerande direktør.

Sunnfjord Hotell AS teikna i 1977 ein pensjonsavtale for tidlegare administrerande direktør. Denne pensjonsplikta er i 2001 avløyst ved at administrerande direktør har overteke dei midlane som selskapet tidlegare har innbetalt til pensjonsordninga. Selskapet har såleis ikkje noko pensjonsansvar utover ein årleg premieinnbetaling til administrerande direktør sin individuelle pensjonsordning fram til og med 2006.

PRICEWATERHOUSECOOPERS

PricewaterhouseCoopers AS
Naustdalsvegen. 1B
NO-6800 Førde
Telefon 02316
Telefaks 23 16 10 00

Til generalforsamlinga i Sunnfjord Hotell AS

Revisjonsmelding for 2006

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnfjord Hotell AS for rekneskapsåret 2006 som syner eit årsoverskot på kr 3 918 925. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og norsk god rekneskapsskikk er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av selskapets styre og dagleg leiar. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den Norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2006 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med norsk god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med norsk god bokføringsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og om føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Førde, 27. mars 2007
PricewaterhouseCoopers AS

John Helge Lunde
Statsautorisert revisor

Kontorer: Arendal Bergen Drammen Fredrikstad Førde Hamar Kristiansand Mo i Rana Molde Måløy Narvik Oslo Stavanger Stryn Tromsø Trondheim Tønsberg Ålesund
PricewaterhouseCoopers navnet refererer til individuelle medlemsfirmaer tilknyttet den verdensomspennende PricewaterhouseCoopers organisasjonen
Medlemmer av Den norske Revisorforening | Foretaksregisteret: NO 987 009 713
www.pwc.no